

## Emnerapport haust 2020

Emnekode og namn: NORD100 – Innføring i nordistikk

### Faglærer si vurdering av gjennomføring

**Praktisk gjennomføring:** Emnet er delt i fire like store delar, som kvar hadde seks undervisningstimar: nordisk litteratur, nordisk språk, norsk som andrespråk og norrøn filologi. Kvar del vart dekt av ein faglærer, bortsett frå andrespråkdelen, som hadde fire timar med ein faglærer og to timar med ein annan faglærer. Det var også to innleiande timar på emnet.

Semesteret vart pga. Covid-19 ikkje gjennomført heilt som planlagt. Ein del av undervisninga måtte på kort varsel leggjast om til Zoom-seminar, fysisk undervisning vart strøyma og teken opp, og det obligatoriske arbeidskravet om minst 75 % oppmøte vart erstatta av obligatoriske øvingsoppgåver i dei fire disiplinane.

**Tilgang til relevant litteratur:** Ingen rapporterte problem.

### Karakterstatistikk og gjennomføringsprosent

30 var eksamensmelde, 26 bestod. Karakterfordeling: 5 A, 7 B, 12 C, 2 D, 0 E, 2 F.

### Faglærer si vurdering av rammevilkåra

Emnet er for førstesemesterstudentar, og desse skulle H20 prioriterast for fysisk undervisning. Det viste seg at eitt av lokala som opphavleg var sett opp, ikkje var stort nok i høve til koronakrava til sitjeplassar for alle som var oppmelde, så det vart ein del byte av rom.

### Faglærer sin kommentar til studentevalueringane

Evalueringa vart gjennomført som sluttevaluering i form av eit elektronisk spørjeskjema distribuert til studentane via den private e-posten og student-e-posten deira. Svarprosenten var 26 %.

Studentane vart for fire av spørsmåla bedne om å kryssa av for eitt av fem alternativ. Resultata av desse ligg som vedlegg til dokumentet.

I 12 av spørsmåla vart dei bedne om å leggja inn fritekstkommentarar på spørsmåla.

Fritekstspørsmåla og responsane på dei er oppsummerte nedanfor.

*Spørsmål: Har du synspunkt på undervisninga i nordisk litteratur / norrøn filologi / norsk som andrespråk / nordisk språk?*

Her var responsen i all hovudsak anten eksplisitt positiv eller av typen «ingen spesielle synspunkt».

*Spørsmål: Har du synspunkt på pensumet i nordisk litteratur / norrøn filologi / norsk som andrespråk / nordisk språk?*

Her var responsen i all hovudsak anten eksplisitt positiv eller av typen «ingen spesielle synspunkt».

Spørsmål: *Dette semesteret har vi veksla mellom fleire undervisningsformer og -medium: fysisk undervisning, livestrøyming av fysisk undervisning, opptak av fysisk undervisning og Zoom-seminar.*

1. *Kva for nokre av desse alternativa har du nytta?*

7 av respondentane oppgav at dei hadde vore på fysisk undervisning, to at dei hadde følgd livestrøyming, tre at dei hadde sett opptak, fem at dei hadde vore med på Zoom-seminar. To svarte at dei hadde nytta digital undervisning utan å spesifisera kva type / typar.

2. *Kva for eit av dei føretrekkjer du, og kvifor føretrekkjer du dette alternativet?*

Fire av respondentane oppgav fysisk undervisning og grunngav dette med at det var lettare å følgja med. To oppgav zoom fordi det er mogeleg å stilla spørsmål og delta i undersinga, to oppgav opptak fordi det er fleksibelt og ein måte å repetera på og lettare å følgja med. Ein oppgav 'digital undervisning' fordi det gav godt utbyte utan at ein måtte forflytta seg.

3. *Har du innspel om korleis dei ulike alternativa kan bli betre?*

Her var det ikkje så mange svar, men noko av det som vart spelt inn, var å gå heilt over til Zoom og la opptaka liggja ute ei veke. (Truleg ligg det «innbakt» i dette forslaget at Zoom-seminara bør takast opptak av.)

Spørsmål: *Er det noko ved emnet du er spesielt godt nøgd med?*

Ein respondent trekte fram norrønt- og litteraturdelen, ein annan norrønt-, andrespråks- og språkdelen. To trekte fram lærarane. Ein melde at det var positivt at lærarane brukte mikrofon, ein annan at det var bra at dei fysiske førelesingane vart tekne opp.

Fire svarte ≈ «ingen kommentar» på dette spørsmålet.

Spørsmål: *Har du innspel om korleis emnet kan bli betre?*

Over halvparten av respondentane svarte «nei» på dette spørsmålet. Dei resterande trekte fram følgjande (ingen overlapp mellom respondentane): fjerna andrespråksdelen, tydelegare krav til korleis øvingsoppgåvene skal løysast, opptak av alle førelesingar som standard, tydelegare retningslinjer for novelle-analyse, gje betre oversikt over emnet.

Spørsmål: *Har du andre kommentarar til emnet? Til dømes knytt til studentoppfølging i samband med koronasituasjonen?*


Majoriteten av respondentane skreiv her at koronasituasjonen var blitt godt handtert og/eller at dei syntest dei hadde fått god oppfølging. Ein av respondentane trekte det fram som positivt at emnet hadde hatt så mykje fysisk undervisning som mogeleg.

### Faglærer si samla vurdering, inkl. forslag til betringstiltak:


Svarprosenten på undersøkinga var relativt låg, og ein bør prøva å få fleire studentar til å respondera ved seinare høve, t.d. ved å informera om undersøkinga i undervisinga eller å senda studentane fleire påminningar. Stort sett ser det ut som om dei av studentane som responderte på undersøkinga, er relativt godt nøgde med dei ulike aspekta ved emnet. Dersom det vert aktuelt med digital og/eller hybrid undervising pga. smittesituasjonen neste semester, må ein leggja opp denne undervisinga med basis i erfaringar og student-tilbakemeldingar frå H20.

### Vedlegg: Resultat av avkryssingsvar


Kor mange av førelesingane i emnet har du vore på?



Ca. kor mange timar har du gjennomsnittleg brukt på emnet per veke?



I kva grad er du nøgd med informasjonen du har fått om praktiske sider ved emnet, som innleveringsfristar, vekslingar mellom fysisk og digital undervising, eksamensordningar osv.?



Kor stort læringsutbytte har du hatt av å skriva og få tilbakemelding på dei fire obligatoriske øvingsoppgåvene i emnet?

